

# Ariana Reines

## Cœur de Lion

Eg elsker at Racine får  
Fedra til å seie EG ELSKAR i staden  
for EG ELSKAR DEG. Ho var  
ikkje for stolt. Det er  
fint at du hadde ein øm  
tanke. Det er noko drit at eg øydela  
den fordi eg overskreid den  
ved å eksistere.  
Vi hadde ikkje knulla  
på nesten ei veke. Eg følte meg så  
avvist. I løpet av dei  
dagane skreiv du triumferande  
e-postar til jenta di, noko  
ømt, liksom, lukkekjensla i det å mette

Gjendikta av Anna Kleiva

«Lines that make me want to have sex on the moon!»

THURSTON MOORE



Originalens tittel: *Cœur de Lion*  
© 2007, 2011 Ariana Reines/Fence Books  
© Det Norske Samlaget 2015  
www.samlaget.no

Omslag: Jesper Egemar  
Tilrettelagd for eBok av  
BookPartnerMedia, København 2015

ISBN 978-82-521-8837-0

MERKNADER

Samtalen med Ariana Reines gjekk føre seg i hagen utanfor Adrianstua i Trondheim, 5. mai 2013, og ein tidlegare versjon av denne stod på trykk i *Beijing Trondheim #1* (2013). Samtalen er transkribert av Mathias R. Samuelsen.

Sidan fleire av boktitlane ikkje finst i norsk oversetting, og for konsekvensens skuld, har gjendiktaren valt å la alle titlane i denne samlinga stå på amerikansk.

Gjendiktaren vil gjerne takke Mathias R. Samuelsen og Turid Kleiva.

# Om denne boka

*Coeur de Lion* er eit rått og intenst langdikt skrivne kort tid etter eit kjærleiksbrot. Teksten er enno varm av begjæret, men er samstundes lærd, skarp og intellektuell. Ariana Reines skriv beinhardt og generøst, legg ingenting imellom, verken for seg sjølv eller lesaren: Dette er ei bok som tilstår alt. Ho er både vond, brutal og morosam. Reines er oppteken av å forstå det som har skjedd, det som skjer, og ho gir stemme til både Ariana og Jake, mellom anna ved at Ariana har hacka seg inn på Jakes e-postkonto. Reines pustar med sitt moderne kjærleiksdikt nytt liv i sjangeren. *Coeur de Lion* kom ut i 2007 og har raskt blitt ein kultklassikar med stor innverknad på amerikansk samtidspoesi. Anna Kleiva har gjendikta teksten til norsk, og har også skrivne eit etterord. Boka inneheld òg ein samtale mellom gjendiktaren og forfattaren.

*Ariana Reines*

# ***Cœur de Lion***

*Gjendikta frå amerikansk av Anna Kleiva*

**Samlaget**

**Oslo 2015**

# INNHALD

Cœur de Lion

Her, hjarte, her. *Etterord*

Å vente på å komme. *Ein samtale med Ariana Reines*

Her om kvelden  
då eg ikkje fekk sove  
attmed deg og eg  
sa eg hadde lyst til å gråte  
og du sa eg burde gjere det  
og eg såg ned og pusta  
og så gret eg  
og du prøvde å ta på meg  
og du gjorde det  
og du prøvde å kysse meg  
og du gjorde på ein måte det  
og eg var så redd  
for at eg elsker deg og du ikkje elsker meg  
eg følte meg dum då eg tok på meg buksene  
og eg følte meg dum då eg tok på meg skjorta  
og eg følte meg dum då eg gjekk inn på naborommet for å hente boka mi  
*Beware of Pity* av Stefan Zweig  
(eg hadde lese forordet til deg  
då eg framleis trudde vi kom til å knulle)  
og eg følte meg dum då døra di  
slamra for høgt att bak meg  
men då nattelufta slo mot meg  
var eg letta.

Du les mykje. Du har ein hunger.  
Eg likar det. Hungeren din gjer  
at du legg merke til ting.  
Du må ha lagt merke til at eg følte meg dum  
at eg følte meg hjelpelaus.  
Kvinner.  
Eg veit ikkje, Jake.  
Eg forstår meg ikkje på kvinner.  
Akkurat no føler eg meg som ei.  
Eg veit ikkje kva kvinner vil ha  
men eg veit at dei eg likar  
ikkje er såne hurper  
som legg ein arm rundt deg  
(i dette scenarioet er du  
den yngre kvinna)  
og seier *Du kjem til eit tidspunkt i livet.*  
Faen ta dei, dritkjerringar  
som prøver å forgifte fortvilte jenter  
med sitt resignerte og stusslege syn på verda.  
Kvinner. Dei er nøydd til å kjenne begjær.  
Eg òg. Eg er nøydd til å kjenne det.  
Og eksen din, eller kanskje de er saman igjen  
eg veit ikkje, Emma. Eg las noko av det ho skreiv  
til deg då eg braut meg inn på gmail-kontoen din.  
Ho er sjarmerande. Litt overflatisk kanskje  
men kvikk. Sikkert ikkje så krevjande.  
Vi er ikkje særleg like; du er mild  
og nedlatande når du skriv til  
hende. Det er vanskeleg å vite  
noko som helst. I grunnen verkar ho vel  
nydeleg. Ho har krøllete  
hår som meg, men på denne jpeg-en ser det ut som  
ho brukar meir fuktigheitsprodukt i sitt.  
Du kallar henne Bunny.  
Det er søtt. Av og til  
når eg sit over skreiv på deg seier du  
ei sånn latterleg greie, *Mama*  
*Llama*. Av og til klynkar du

og jamrar og lèt som  
du græt, du seier, Åh  
Ari, du får meg til å føle  
så mykje på ein gong.  
Eg følte også mykje på ein gong.  
Eg trur ikkje eg likar dei jentene  
som ber om unnskyldning lik barn  
viss dei skulle oppføre seg usøtt.  
Av og til ber eg om unnskyldning. Eg  
bad deg om unnskyldning. Synd  
eg ikkje er sterkare. Då skulle eg vore steilare.  
Emma jobbar i eit galleri  
ein etasje under eit galleri der  
eg jobba for sånn tre år sidan.  
Ho er *the gallery girl*.  
Eg veit kva *det* handlar om.  
Eg var *the gallery girl*. Eg prøvde  
å like det. Det var viktig  
å late som om ein var interessert i  
å vere nær kunstnarar og kunst  
som om nærleik var ekvivalenten  
til metonymi, noko det ikkje er, ikkje i  
verkelegheita. Kva er metonymi  
i verkelegheita. Du gnir deg  
mot noko; noko av det som er  
sant og ufullstendig  
i det smittar over på deg;  
du ber det rundt på  
kroppen din. Kanskje. Kunst. Den der oppskrytte  
trivielle driten rike folk kjøper.  
Då eg jobba i etasjen over  
der Emma jobber  
var eg redd for kva det innebar  
å eksistere *parallelt med* nokon  
annan si oppfatning av kunst. Hjartet mitt  
vart knust.  
Eg fekk aldri til å setje opp  
det tomme ansiktsuttrykket som kjenneteiknar  
heilt notidig skjønnheit.  
Og så har eg rar  
utsjånad. Eg har brukt



orda Verkeleghet; Føle.

Då eg jobba

for galleriet i etasjen over der

Emma jobbar brukte eg miniskjørt

og rare kjolar, og sjefen min,

kort sagt ein bløff og det franskmenn

på 1800-talet kalla

ein *arriviste* (eg kan vere pretensiøs

for eg snakkar om kunstverda),

pla introdusere meg for samlarar

som «geniet» hennar. Den særheita

var ikkje det raraste

ved denne kvinna; det ho ville ha

var berømmelse og meir pengar (ho hadde allereie masse

pengar), men trass i dette

hadde ho fått smaken på idéar.

Og adjektiv. Jo teitare jo betre.

Ord. Eg fekk brukt nokre hos henne

fordi der var ei slags vill intellektuell

overskriding i henne som trekte

henne mot sånt. Den galne bror hennar

gav meg sparken tre gongar. Uansett,

eg veit ikkje kvifor eg fortel deg dette

anna enn at eg trur *gallery girls*

har noko å gjere med

kva visse kvinner vil ha og gjer og er.

Kva med *gallery boys*, det vil

seie teknikarane.

Dei gjelds også. Blæh.

Ein kan forsøke å bli forført av idéen om at det å sitje

og stå i same rom som noko

nokon er villig til å betale for

er det same som å ha

eit hjarte; ideal. Det opne systemet

ein ferdast gjennom vil finne

ein måte å tre i kraft på

uansett. Denne bestemte

oppfatninga, eit smykke

hengande på kulturen, i den tilstanden den er.

Det kjendest så døvt, å ta

telefonen og spele

pen og nedlatande  
når eg ikkje er nokon av delane.  
Å late som om det der pisset er  
noko eg veit korleis eg skal gjere  
når eg er så dårleg på det. For nerdete  
og følsam. For jævla entusiastisk.  
Nokre folk kan få kva som helst  
til å høyrast sant ut. Eg har hora før  
også. Kanskje det er fordi eg støtt  
vil ha kjennskap  
til kvinner at eg har teke  
desse nedverdige jobbane.  
Nokre kvinner er så intense  
Jake, forstår du kva eg  
meiner? Så intense at dei aldri  
er seg sjølv; aldri berre det.  
Og eg meiner ikkje sånn internettaktig  
sjølvreferering, sjølvironi, kva dei no  
kallar det, som om eit sjølv var så grunnfesta  
at berre å ironisere over «det» kunne skape  
ei bølge av bevisstheit.  
Eg fell for kvinner  
som er bortanom seg sjølv,  
deg, situasjonen sin, og alt.  
Det er dei kvinnene eg vil ha kjennskap  
til. Det er dei kvinnene eg vil kjenne.  
Akkurat no høyrer eg på Nico  
og vurderer å føle meg  
trua. Eg vil føle kjærleik.  
Eg elska deg då du sa  
det er forferdeleg, det som har skjedd  
med middelhavskulturen. Og eg elska deg  
då du sa det eg ikkje kunne ha  
lurt deg til å seie  
at det var så mykje meir intenst, sexen  
og alt mellom deg og meg  
enn det var mellom deg og henne.  
Eg har aldri vore ho andre jenta før.  
Det gjer meg kvalm av redsle  
men eg klarer ikkje la vere  
å skrive til deg på denne måten.

Abigail ringde meg  
etter at eg smuglas e-posten din  
for å seie at du var heilt sett ut  
og at ho i grunnen var overraska  
over at eg ville gjere noko sånt.  
Eg og Abigail møttest og  
kjøpte vegetarburgarar  
og eg forklarte henne  
korleis eg følte meg  
og ho forstod.  
Eg var rørt over at du ringde  
henne av alle personar  
morgonen etter eg  
sveik deg på den måten  
for du ertar meg alltid med  
at Abigail har sånn respekt for meg  
eller eg trur du ertar meg  
når du fortel meg  
at ho har respekt. Eg har respekt for henne  
også. Masse. Kanskje høyrer eg  
noko spottande i stemma di  
når du seier fine ting til meg  
som ikkje er der. Men eg trur  
du vil vere einig i at noko spottande  
er der.